

Sunnfjording må ta beina fatt

■ **SOGN TINGRETT:** Ein sunnfjording i slutten av tenåra må sone 30 dagar i fengsel etter fyllekøyning. Hendinga fant stad i Sogndal ei laurdagsnatt i oktober og sunnfjordingen hadde ein promille målt til 1,94. I Sogn tingrett la mannen korta på bordet, men måtte reise heim som fotgjengar og 7000 kroner fattigare. Sunnfjordingen må greie seg utan lap-pen i 2 år og fem månader og han må også ta ny førarprøve.

■ MEDLEMMER TIL SAMARBEIDSKOMITE:

Askvoll formannskap tilrår at ordførar Aud Karl Steinsland og varaordførar Frida Melvær, i tillegg til rådmannen, blir medlemmar i ein samarbeidskomite for planlegging av fastlandssamband til Atløy.

Utsette kjøp av grunn

■ **ASKVOLL:** Askvoll formannskap bestemte torsdag at dei utset ei sak om avtale om kjøpe grunn for opparbeiding av tomt og tilkomst til nytt vassbehandlingsanlegg til Kvammen vassverk.

Innstillinga til rådmannen var å godkjenne avtale med grunneigar Gro Helen Reisersgård om kjøp av 1200 rutemeter grunn, til 40 kroner per rutemeter.



«ATLØY»: Til sommaren får veteranbåten «Atløy» med heimebase i Florø selskap av det meste av norske veteran skip under Fjordsteam-arrangementet.

Veteranarmada til Florø

FLORØ: Ein heil armada av damp- og veteran skip vil segle inn Florøvika når kystbyen er vertskap for veteranbåtrefret Fjordsteam i august.

KNUT MAGNUSSEN tekst

– Eit tjuetals damp- og veteran skip, i tillegg til seglskuter, redningsskøyter og andre båtar vil ikkje berre prege hamnebiletet, men heile byen. Fjordsteam blir kanskje det aller største einskildarrangementet i løpet av byjubileet, seier Sander Ødelien.

«Atløy» og «Stavenes»

Ødelien leiar «Atløys venner» og er sjef for arrangementet i Florø, saman med Øyvind Konglevoll frå venneforeininga bak «Stavenes».

Konglevoll har arrangørfaring frå Nordsteam i Bergen. Der

■ Lagar stort dampskipstreff i august

stod folk tett i tett langs kaikan-tane for å få med seg veteran-skipsparaden både i 2000 og i 2005. I Stavanger var det eit liknande, godt besøkt arrangement i samband med kulturbyåret i 2008, og i 2010 er det Florø sin tur.

– Skipa seglar i konvoi frå Bergen 4. august, ligg over i Skjerjehamn og kjem til Florø dagen etter, fortel Konglevoll, som forklarar publikumsinteresse for dei gamle båtane slik:

– Desse skipa er ein del av vår felles nære historie som mange framleis kjenner seg att i. Dei spreier glede over alt der dei kjem, og gjennom turar rundt i distriktet skal vi syte for å spreie glede også utanfor Florø, seier Konglevoll.

Nyrestaurert

«Borøysund», «Atløy», «Oster»,



BÅTFEST: Sommarens Fjordsteam-arrangement blir ein folkefest, lovar Øyvind Konglevoll (t.v.) og Sander Ødelien.

«Granvin» og alle dei andre kjende norske veteranskipa blir med på moroa. Spesielt stas synest Konglevoll det er at Sta-

venes får synt seg fram i all sin nyrestaurerte prakt.

Den kolfyrtede veteranen vil vere eit av dei aller mest autentiske

skipa i flåten som skal liggje i Florø tre dagar til ende. Det blir sjølvstøtt høve for folk til både komme om bord og også dra på turar med dei gamle skipa.

– Fjordsteam passsar som hand i hanske inn i byjubileet, og viser også dei gamle, tette banda vi har til Bergen, seier Ødelien.

Ingen baksmell

I tillegg til båtane blir det veteranbiltreff, rutebilhistorisk foreining viser gamle bussar, det blir torgdag med bondens marknad og presentasjon av gamle handverkstradisjonar.

– Ein gedigen folkefest, lovar Ødelien og Konglevoll, og vi kan garantere at Flora slepp ein baksmell å la Tall Ships Races i etterkant!

knut.magnussen@firda.no